



# Naustdal-Gjengedal verneområdestyre



Byrkjeneset i Gjengedalen

Foto: Alf Erik Røyrvik

«Variert og vakkert»

Besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

## Innhold

1	Innleiing .....	4
1.1	Føremål.....	5
1.2	Kort om rammeverket.....	5
1.2.1	Naturmangfaldlova.....	5
1.2.2	Verneforskrift .....	5
1.2.3	Allemannsretten.....	6
1.2.4	Anna lovverk.....	6
1.3	Verkemidla til forvaltninga.....	6
1.3.1	Sakshandsaming .....	6
1.3.2	Tiltaksmidler .....	7
1.3.3	Personalressursar .....	7
2	Kunnskapsgrunnlaget.....	8
2.1	Sårbare naturverdiar .....	8
2.1.1	Våtmark .....	8
2.1.2	Anna vegetasjon.....	9
2.1.3	Villrein.....	9
2.1.4	Rovfugl.....	11
2.1.5	Urørte område.....	12
2.2	Reiselivet .....	12
2.3	Dei besøkande .....	13
2.3.1	Omfang og fordeling av besøk.....	14
2.3.2	Brukarane sine ynskjer og behov .....	15
2.3.3	Sykkel.....	15
2.4	Annan relevant kunnskap.....	16
2.4.1	Innfallsportar .....	16
2.4.2	Stiar og vegar .....	17
2.5	Samanstilling av kunnskapen .....	18
3	Mål og strategiske grep .....	19
3.1	Mål med besøksforvaltning.....	19
3.1.1	Mål for verneverdiane.....	19
3.1.2	Mål for reiselivet .....	19
3.1.3	Mål for dei besøkande.....	19
3.2	Strategiske grep.....	20
3.2.1	Sårbare område.....	20
3.2.2	Informasjon .....	20

3.2.3	Turmål sommar .....	20
3.2.4	Toppturmål vinter .....	21
3.2.5	Infrastruktur .....	22
3.2.6	Sykkel.....	22
3.2.7	Kontantlaus betaling.....	22
3.2.8	Kontakt med aktuelle aktører.....	22
4	Tiltaksplan.....	24

## 1 Innleiing

Naturen rundt oss er ein ressurs. Den er ei kjelde til rekreasjon, inspirasjon og gode opplevingar. Den er òg ei kjelde til næringsverksemd. Men naturen kan vere sårbar, og dersom denne ressursen vert forvalta på feil måte kan den på sikt verte redusert i verdi. I so fall vil naturen verte mindre verdifull både til rekreasjon og opplevingar, men òg mindre verdifull som kjelde til næringsverksemd. Derfor er det viktig å finne ein balanse mellom ulike interesser og omsyn som gjev ei berekraftig forvaltning.

Ein del av naturen er verna. Vi har fleire vernekategoriar i norsk naturforvaltning og naturvern, med ulikt restriksjonsnivå. Felles for dei ulike verneformene er at dei skal ta vare på verneverdiar og naturverdiar i eit naturområde. Vernestatus betyr likevel ikkje at eit område ikkje kan brukast. Innanfor rammene til vernet og anna regelverk skal eit naturområde kunne brukast både til rekreasjon og opplevingar, og til næringsverksemd.

Friluftsliv og reiseliv i tradisjonell forstand og i avgrensa omfang vil som regel ikkje ha negative effektar på naturen. I alle fall om vi ser vekk i frå dei mest sårbare naturområde som hekkeplassar og sårbar vegetasjon. I nasjonalparkar og landskapsvernområde vil tradisjonelle aktivitetar knytt til friluftsliv og reiseliv (fotturar, skiturar, jakt, fiske, sanking og liknande) normalt ikkje ha negativ verknad på området. Tvert i mot vil slik bruk av området ofte vere positiv, då det kan vere med på å auke kunnskapen og heve statusen til området.

Likevel er det slik at i område med mykje ferdsel vil slike aktivitetar kunne føre til slitasje på naturen, meir enn naturen sjølv klarar å takle. Nokre former for ferdsel fører til meir slitasje enn andre. Ferdsel og bruk kan altso ha negativ verknad på eit naturområde. Det er derfor ei viktig oppgåve for dei som skal forvalte eit naturområde å styre ferdsel og bruk, slik at dette skjer på ein berekraftig måte. Berekraftig bruk sikrar at naturen opprettheld verdien sin som kjelde til rekreasjon, opplevingar og til næringsverksemd.

### Kva er ein besøksstrategi?

Ein besøksstrategi er ein plan for korleis ein skal legge til rette for dei besøkande i eit område, dvs. at den skal sei noko om korleis dei besøkande vert møtt i landskapsvernområdet og korleis verneområdestyret vil handtere dei besøkande. Strategien skal vere kunnskapsbasert, og byggast på kunnskap om både naturverdiane og om dei besøkande. I ein besøksstrategi skal det takast konkrete og strategiske val som skal legge til rette for gode opplevingar og lokal verdiskaping, og samstundes sikre verneverdiane.

## 1.1 Føremål

Føremålet med besøksstrategien for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er å gje forvaltningsstyresmakta ein strategisk, målretta og føreseiele plan for korleis ein skal møte dei besøkande til verneområdet. Strategien skal legge til rette for at dei besøkande skal få gode opplevingar og at lokal næringskaping vert styrka, samstundes som verneverdiane vert sikra. I tilfelle der desse tre interessene vert ståande opp mot kvarandre, skal omsynet til verneverdiane gå føre.

## 1.2 Kort om rammeverket

Det er fleire regelverk som regulerer bruken av naturen, og særleg verna natur. Vi finn både generelle og overordna føresegner, og meir konkrete reglar for det enkelte område.

### 1.2.1 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er ei overordna lov som legg føringar og prinsipp. Det står lite konkrete føresegner i denne lova, men der er likevel nokre prinsipp som er viktige å ta med seg i ein besøksstrategi. Særleg gjeld dette føremålsparagrafen:

#### § 1.(lovens formål)

*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*

Som vi ser her er prinsippet bak besøksstrategien mykje det same som ligg bak naturmangfaldlova og derfor all forvaltning av natur i Norge.

### 1.2.2 Verneforskrift

Verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er kanskje det regelverket som legg dei mest konkrete føringane for besøksstrategien. Forskrifta legg klare avgrensingar for kva ein kan gjere og kva ein ikkje kan gjere når ein skal legge til rette for, og styre, dei besøkande. Den legg avgrensingar på inngrep og byggeverksemd. Der ligg og klare restriksjonar på motorisert ferdsel og til dels på anna ferdsel.

På same måte som med naturmangfaldlova nemnd ovanfor, vil føremålsparagrafen i verneforskrifta for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vere ein god peikepinn for forvaltninga av verneområdet, inkludert besøksforvaltninga.

#### § 2. Formål

*Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.*

### 1.2.3 Allemannsretten

Allemannsretten er ikkje ei lov, men ein rett som er lovfesta i friluftslova. Kort fortalt går den ut på at ein har rett til å ferdast og opphalde seg i norsk natur, uansett om ein er grunneigar, turist, eller berre på tur i nærområdet ditt.

Med allemannsretten følger det òg plikter, og nokre avgrensingar. Avgrensingane er først og fremst for å skjerme privatliv og landbruk. Mellom anna er det avgrensingar på ferdsle tett på hus, hytter der det er folk, og på dyrka mark. Pliktene som følger med går først og fremst ut på å ta omsyn til naturverdiar og andre brukarar. Allemannsretten har som utgangspunkt at all ferdsel skal vere omsynsfull og med varsemnd.

### 1.2.4 Anna lovverk

Det er ei rekke lovverk som vil påverke både bruk av utmark generelt, og reiseliv og friluftsliv spesielt.

- Plan- og bygningslova regulerer all bruk av areal og all byggeverksemd. Bygningar, inngrep, installasjonar og omdisponering av areal krev som oftast løyve etter plan- og bygningslova. Det er kommunen som er forvaltar dette lovverket.
- Motorferdsellova regulerer bruk av motorferdsel i utmark. Målet er å avgrense bruk av motorisert ferdsel i utmark til det som er naudsynt. Det er kommunen som forvaltar også dette lovverket.
- Andre lover som kan verke inn på handtering av besøkande:
  - Viltlova
  - Kulturminnelova
  - Friluftslova
  - Skogbrukslova
  - Naturoppsynslova
  - Jordlova

## 1.3 Verkemidla til forvaltninga

Dersom ein besøksstrategi og andre planverk skal ha nokon verdi for forvaltninga av landskapsvernområdet, må verneområdestyret ha nokre verkemiddel til å gjennomføre dei tiltaka som strategien legg opp til. Ein må ha ressursar til å bygge opp under dei prioriteringane som ein gjer.

### 1.3.1 Sakshandsaming

Ein besøksstrategi kan legge føringar for sakshandsaming i framtida. All sakshandsaming skal skje innanfor dei juridiske rammer som lovverket set, men innanfor skjønnsrommet til forvaltningsstyresmakta er ein besøksstrategi eitt av fleire planverk som kan verte vektlagt. I praksis kan besøksstrategien få direkte innverknad på kva tiltak og aktivitetar det vert opna for og ikkje.

### 1.3.2 Tiltaksmidlar

Kvart år får verneområdestyret tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Desse midlane vert søkt om, tildelt og prioritert i ein prosess som vert kalla «bestillingsdialogen». Kort fortalt går den ut på at verneområdestyret set opp ei liste over kva tiltak dei ynskjer å få midlar til det komande året, og kva ein reknar med desse tiltaka vil koste. Miljødirektoratet går gjennom lista og vurderer dei ulike tiltaka i høve til postføremål, rikspolitiske retningslinjer og lokale dokument som forvaltningsplan og besøksstrategi.

Tildelingane er sjølvstøtt avhengig av kor mykje som vert sett av til tiltak i verneområder over statsbudsjettet. Dette skal fordelast på alle verneområda i landet over heile landet. Tildelinga til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har dei siste åra variert frå om lag 300.000 til 550.000 per år.

Verneområdestyret har som oftast stor fridom til korleis ein vil prioritere og fordele dei tildelte midlane, men Miljødirektoratet gjer alltid ei vurdering av kor vidt dei innmeldte tiltaka er innanfor postføremålet. Tiltaksmidlane er statlege investeringsmidlar, og kan ikkje brukast som tilskot. Midlane kan investerast i skjøtsel, tilrettelegging og informasjonstiltak.

### 1.3.3 Personalressursar

Verneområdestyret har ein del personalressursar tilgjengeleg som kan nyttast i tråd med styret sine prioriteringar:

- **Verneområdeforvaltaren** er underlagt styret og styret disponerer arbeidstida til forvaltaren (saman med Ålfotbreen verneområdestyre).
- Verneområdestyret kan, gjennom bestillingsdialogen, be om at **lokalt naturoppsyn** jobbar med særskilte, prioriterte oppgåver.
- **Styremedlemmer** og **varamedlemmer** kan, i tillegg til styremøta og førebuing til dei, gjere ein viss arbeidsinnsats innanfor styret sitt driftsbudsjett.
- **Tenestekjøp** finansiert av tiltaksmidlar, driftsmidlar eller andre tildelingar.

Verneområdestyret kan bruke desse personalressursane, innanfor visse rammer, til arbeid knytt til besøksforvaltning. Dette er og heilt vanleg i dagens forvaltning. Særleg har forvaltar og naturoppsyn jobba mykje med planlegging og gjennomføring av tilretteleggingstiltak, med eller utan kjøp av tenester i tillegg.

## 2 Kunnskapsgrunnlaget

For Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde har vi valt å lage ein noko forenkla strategi. Vi har ikkje gjort omfattande brukarundersøkingar og vi har heller ikkje gjennomført sårbarheitsanalyser. Kunnskapen vi bygger på når det gjeld sårbar natur har vi henta frå databasar og tidlegare planprosessar som verneplan og forvaltningsplan. I tillegg kjem dei erfaringar og observasjonar vi i forvaltning og oppsyn har gjort dei åra vi har jobba med desse områda.

Vi har heller ikkje gjennomført brukarundersøking. Dette fordi bruken av området er veldig spreidd og ekstensiv. Etter vår vurdering vil det gå mykje ressursar til slike undersøkingar, men det ville likevel gje lite data. Vi har derfor bygd kunnskapsgrunnlaget på eksisterande kunnskap, på sekundære data, på innspel frå brukarar og på dei erfaringar og kunnskap som vi har tileigna oss gjennom å jobbe med dette området i ein del år.

Vi ser ikkje behov for meir kartlegging og undersøkingar på noverande tidspunkt, men det kan kome seinare. Særleg vil det vere aktuelt om det vert ein tydeleg auke i tal besøkande.

### 2.1 Sårbare naturverdiar

Naturen kring oss er samansett av mange ulike naturtypar og naturverdiar. Av desse er enkelte naturtypar meir sjeldne og meir sårbare enn andre. Generelt bør ein freiste å ta vare på slike naturverdiar, og særleg i verna natur bør ein ta omsyn til slike førekomstar.

Innan besøksforvaltning er det fleire moment ein bør tenke over når det gjeld sårbare naturverdiar:


1. Er det område som bør skjermast for ferdsel?
2. Er der område der ein kan/bør kanalisere ferdsla på tilrettelagde stiar som toler slitasje, for å skåne sårbare verdiar?
3. Er det område der ein bør late vere å gjere tilretteleggingstiltak, for å ta vare på det som er urørt?

#### 2.1.1 Våtmark

Våtmarker, myrer, deltaområde og liknande naturtypar er sårbare for slitasje. Stiar i fuktige parti vert fort «opptrakka» og gjørmete, og brukar lang tid på å gro til att. Ein bør difor unngå konsentrert ferdsel på slik vegetasjon.

I Naustdal-Gjengedal er det registrert to myr-/deltaområde i Naturbase; Tangane ved Vonavatnet og myrområdet aust for Storevatnet i Gjengedalen. Begge desse lokalitetane er verdivurdert til kategorien «Lokalt viktig».





Kartutsnitta syner våtmarkene på Tangane aust for Vonavatnet (t.v) og aust for Storevatnet (t.h)  
Kjelde: Naturbase.

Desse våtmarkene er sårbare og vil ta skade av intensiv ferdsel direkte på vegetasjonen. Dersom det er stor eller aukande ferdsel i desse områda bør det gjerast tiltak for å reparere eller førebygge skade.

### 2.1.2 Anna vegetasjon

I verneområdet er det fleire førekomstar av kalkkrevjande vegetasjon. Desse lokalitetane er i områder som har kalkrik berggrunn. Slike område vert særleg artsrike og har ein del artar som er meir eller mindre sjeldne. Lokalitetane er verdiklassifisert i alle tre kategoriane; Svært viktig (nasjonalt viktig), Viktig (regionalt viktig) og Lokalt viktig.

Kalkkrevjande vegetasjon vil, som anna vegetasjon, kunne ta skade av tråkk og intensiv ferdsel. Ein bør difor unngå stiar gjennom desse lokalitetane. Det er ikkje behov for omlegging av stiar i stor skala i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men ein bør likevel vere medveten på dette.

### 2.1.3 Villrein

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er omtrent samanfallande med Førdefjella villreinområde som er eitt av i alt 23 villreinområde i Noreg. Reinen stammar frå eit forsøk på tamreindrift på 1950-talet, men den vart etter kvart definert som villrein. Stammen er no på 70-100 dyr, og den vert forvaklta som villrein. Det vert jakta på reinen når der er eit jaktbart overskot, dei siste åra har det vore felt om lag 10 dyr per år.



Villreinflokken i Førdefjella villreinområde fotografert på vinterbeite ved Vardevatnet i januar 2017. Foto: Alf Erik Røyrvik.

Noreg har eit særskilt internasjonalt ansvar for å ta vare på villrein. Ti av villreinområda er definerte som nasjonalt viktige villreinområde. Førdefjella er ikkje blant desse, men det særskilde ansvaret for villrein skal likevel vektleggast i forvaltninga.

Villrein er ein sky art, som er sårbar for uro. Auka menneskeleg aktivitet i leveområdet til ein villreinflokk kan føre til at villreinen flytter seg vekk frå området. Særleg gjeld dette simlene som er sårbare for uro i tida før, under og rett etter kalving. Då trekker dei ofte til dei mest uforstyrre områda for å få ro under kalvinga. Dersom simlene vert uroa i denne fasen, kan det føre til at simlene kastar, eller på annan måte mister, kalvane.

Villreinen i Førdefjella er ikkje fullt so sky som den kan vere i ein del andre område. På våren og tidleg på sommaren kan vi sjå bukkar og ungdyr som trekker ned på dyrka mark for å beite. Då kan vi sjå at dyra kjem ganske tett på hus, vegar og folk. Men det er viktig å hugse på at simler og kalvar er sær sårbare for uro i kalvingstida, sjølv om bukkar og ungdyr kan gå nær folk og busetnad på denne tida av året, og dermed verkar mindre sårbare.



Kartutsnitt som syner kalvingsområda til reinen i Førdefjella siste åra. Kjelde: Fylkesatlas.

Dei mest sårbare områda for villreinen er altså kalvingsområda og områda som fostringsflokken brukar fram mot kalving. Dei siste åra har reinen hatt kalvingsområde aust og sør for Storevatnet i Gjengedalen I tillegg bør ein ta omsyn til vinterbeita, og trekkvegane som reinen brukar mellom ulike beite- og kalvingsområde. Ein må og vere klar over at områdebruken endrar seg over tid, og gjerne går i syklusar. Den mest sårbare perioden gjennom året er april og mai.

#### 2.1.4 Rovfugl

Både kongeørn og andre rovfuglar hekkar i og rundt Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Nokre av desse hekkelokalitetane har forvaltninga oversikt over, men langt i frå alle. Kor desse hekkeplassane ligg er ikkje offentleg, grunna fare for faunakriminalitet. Rovfugl hekkar ofte på dei mest utilgjengelege stadane i landskapet, som i fjellveggar og anna bratt terreng. Det er derfor sjeldan konflikt mellom tilrettelegging for ferdsel og desse hekkelokalitetane. Ein bør likevel ta visse omsyn slik at ein unngår for mykje uro i nærleiken av lokalitetane i hekketida (april til juni).

### 2.1.5 Urørte område

Ein viktig del av verneføremålet i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er at det er eit område som er «*så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep*». Særleg dei indre delane av verneområdet er i INON-systemet (Inngrepsfrie Naturområder i Norge) klassifisert som Villmarksområde, då dei ligg meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep som vegar, kraftanlegg, kraftlinjer og liknande. Det er få slike område att, Naustdal-Gjengedal er eitt av om lag seks område som er klassifisert som villmark her i fylket.

Urørt natur har ein verdi for mange. Særleg i samband med friluftsliv, reiseliv og opplevingar er kjensla av å vere i urørt natur verdifull. Tunge tekniske inngrep, sjølv dei som er gjort for å utvikle reiselivet, vil redusere det urørte området. Men òg mindre tilretteleggingstiltak vil kunne redusere kjensla av urørt natur for ein del brukarar.

## 2.2 Reiselivet

Reiselivsnæringa i regionen er organisert i fleire destinasjonsselskap, og to av dei opererer i kommunane som Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde ligg i:

- Sunnfjord Næringsutvikling er destinasjonsselskap for Naustdal, Førde og Jølster, i tillegg til Gaular som ikkje har areal i eller ved verneområdet.
- Visit Nordfjord er destinasjonsselskap for Gloppen og dei fleste andre nordfjordkommunane.

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vert ikkje brukt i særleg grad innan kommersielt reiseliv i dag. Innfallsportane i Gloppen vert noko brukt av Gloppen Hotell og Gloppen Aktiv. Per i dag er det ikkje utvikla kommersielle produkt eller tenester med guiding eller liknande inn mot og inne i verneområdet, men det vert jobba aktivt med å utvikle dette av mellom anna Gloppen Aktiv. Verneområdeforvaltar har hatt uformelle møter med begge destinasjonsselskapa og med Gloppen Aktiv. Desse møta har vore veldig nyttige for begge partar og vi legg opp til å ha slike møter kvart år.

Reiselivsnæringa ynskjer å trekke fleire besøkande til regionen generelt sett. Både knytt til naturopplevingar og andre trekkplaster. Her ligg det truleg eit potensiale i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde som reiselivet kan utvikle.

Skal ein trekke tilreisande turistar til verneområdet ligg truleg det største potensialet i vandring. Kanskje først og fremst dagsturar, men òg turar over fleire dagar med overnatting i hytte eller telt. Næringa gjev uttrykk for at dei vil prioritere nokre fyrtårn og trekke dei fram i marknadsføring av verneområdet. Til desse fyrtårna må det vere både god og tydeleg skilting, og lett tilgjengeleg og relevant informasjon.



## 2.3 Dei besøkande

Vi har ikkje gjennomført spørjeundersøking eller anna detaljert kartlegging av dei besøkande. Men gjennom arbeid med forvaltning av verneområdet siste åra, og gjennom kontakt med brukarar og grunneigarar, har vi likevel tileigna oss ein god del kunnskap om korleis området vert brukt av ulike grupper brukarar.

Vi kan dele dei besøkande inn i tre grupper:

- Dei lokale
- Besøkande med lokal tilknytning
- Tilreisande

**Dei lokale brukarane** er nok den største gruppa av besøkande. Det er fastbuande i dei fire kommunane rundt verneområdet, og som brukar verneområdet som sitt «daglege» turområde. Besøka er ofte knytt opp mot tilsyn med beitedyr, jakt, fiske eller korte fot- eller skiturar. Dette er brukarar i alle aldrar som kjenner områda godt. Dei lokale brukarane brukar først og fremst nærområdet sitt.

**Besøkande med lokal tilknytning** er besøkande som ikkje bur fast i nærområdet, men som har ei eller anna tilknytning til det. Dei kan til dømes vere oppvaksne i ein av vertskommunane eller ha slekt i bygdene rundt verneområdet. Besøkande som har hytte i eller ved verneområdet reknar vi og inn i denne kategorien. Besøkande med lokal tilknytning besøkjer gjerne verneområdet i feriar og langhelgar, og dei har ofte sterke tradisjonar knytt til besøk og bruk av verneområdet. Mange i denne gruppa nyttar området til jakt og fiske. Dei har gjerne god kjennskap til det området dei «soknar til» og brukar mest, men kanskje ikkje so mykje kjennskap til resten av verneområdet.

Det er mange hytter særleg rundt, men og ein del i, verneområdet. Dei som ligg innanfor grensa er som regel knytt til støylar eller litt eldre, frittstående fritidshytter som vart bygde lenge før området vart verna. Majoriteten av hyttene er derimot fritidshytter som ligg i randsona utanfor landskapsvernområdet. Vi har nokre hyttefelt som ligg tett inntil grensa; i Traudalen i Gloppen, i Dalen/Dalelia i Hyen og ved Vonavatnet i Naustdal. Det er dessutan opning i verneforskrifta for eit hyttefelt inne landskapsvernområdet; ved Arnestadstøylen i Gloppen. Her kan det kome inntil 10 hytter, men berre ei er bygd per i dag. Dei andre hyttene ligg stort sett spreidd som enkeltstående hytter eller i tilknytning til dei støylane som ligg utanfor verneområdet.

**Tilreisande** er besøkande som ikkje har særleg tilknytning eller kjennskap til området frå før, men ynskjer å besøke området i samband med friluftsliv eller annan utmarksbruk. Dei nyttar ofte merkte stiar i DNT-systemet og kanskje den sjølvbetente hytta til Indre Sunnfjord Turlag, Longevasshytta. Dette er nok den minste av gruppene. Det er langt færre fotturistar og andre som reiser hit enn til dømes Jotunheimen og dei andre store og meir kjende nasjonalparkane. Det er likevel kanskje i denne gruppa vi har det største potensiale for auka besøk og større verdiskaping.

### 2.3.1 Omfang og fordeling av besøk

#### Innhenting av talmateriale

Når ein skal registrere og talfeste besøkande, vert det ofte nytta ferdselsteljarar på dei mest brukte rutene. For Naustdal-Gjengedal såg vi ikkje det som føremålstenleg. Bruken av verneområdet er veldig spreidd utover på mange innfallsportar og på merkte og ikkje-merkte stiar. Det ville krevje mykje ressursar å sette opp nok teljarar til å få eit representativt bilete av bruken.

I staden har vi henta inn talmateriale frå allereie eksisterande registreringar, som til dømes bomvegar i innfallsportane, bøker på fjelltoppar og andre turmål, inkludert hytteboka på turlagshytta. Vi vil aldri klare å registrere alle brukarane gjennom desse registreringane, men vi kan i det minste få eit inntrykk både av kor mange brukarar her er og kor bruken er størst.

Bruken varierer frå år til år, og dette er avhengig av ulike faktorar som mellom anna vêret. Der vi har fått inn tidsseriar som går over fleire år, har vi brukt gjennomsnittstal. I andre tilfelle har vi berre fått tal frå eitt år (2015) og då baserer vi tala berre på det året.

Som sagt er det stor usikkerheit knytt til desse tala. Vi må gå ut i frå at mørketala er store ved at mange brukar områda utan å registrere seg nokon stad. Der er dessutan registreringar som vi i forvaltninga ikkje er kjende med eller ikkje har fått tal frå. Dessutan vil nokre verte registrert fleire gonger, dersom dei til dømes både brukar ein bomveg og registrerer seg i ei bok på ein fjelltopp, eller dersom dei er innom fleire turmål og registrerer seg.

Tala vi får frå bomvegane seier noko om kor mange bilar som brukar vegen og ikkje kor mange personar som reiser inn i verneområdet. I tillegg er det ein del som enten kjøper sesongkort eller får frikort som grunneigarar, hytteeigarar eller medeigarar i vegen. Vi har gjort det enkelt og reknar med at eit sesongkort/frikort på ein bomveg tel for 10 passeringar, og vi reknar med at det i snitt sit 2 personar i kvar bil som brukar vegane.

#### Kor mange besøkjer Naustdal-Gjengedal?

Vi har, i innsamlinga av det talmaterialet vi har til no, registrert knappe 20.000 årlege brukarar. Det er som sagt store mørketal, og det er nok grunn til å tru at det reelle talet i alle fall er dobbelt so stort. Veldig mange, særleg lokale brukarar, brukar området utan å verte registrert nokon stad. Vi går ut i frå at det reelle tal på besøkande er minst dobbelt so stort som det som vert registrert. Med 20.000 registrerte personar kan vi derfor grovt anslå bruken til 40.000-50.000 årlege besøkande.

Bruken vil variere frå år til år. I dei talmateriala kor vi har seriar som går over fleire år, ser vi at bruken er aukande. Vi ser òg at veret betyr mykje. Eit døme på det siste er at sommaren 2014 var veldig varm og solrik og då var det rekordhøge besøkstal. Sommaren 2015 var derimot kald og våt og då gjekk tala ned. Over tid ser vi likevel at tal på besøkande er aukande.

#### Geografisk fordeling av besøk

Dei vegane og områda kor vi har registrert flest besøkande ligg i området rundt Sandane i Gloppen. Traudalen, Langedalen og Jardalen er dei vegane med høgste registrerte bruken, og dei ligg side ved side på Sørstranda og austover. Andre innfallsportar med ganske høge tal er Årdalen i Jølster, Vonaområdet i Naustdal, Myklandsstøylen i Kandalen og Gjengedalen i Hyen.

Vi veit og at det er mange som brukar området ved Botnen i Angedalen, Førde. Der er det ikkje bomveg eller betaling ved parkering, og vi får difor ikkje registrert besøkstala. Vi veit likevel at mange brukar vegane som går innover til Botnavatnet på begge sider av elva til fotturar, sykkel og ski på vinteren. Dei fleste held seg til vegane som ligg utanfor verneområdet, men nokre går nok og innanfor grensa, til dømes rundt Botnavatnet eller innover mot Isvatnet.

Det er vanskeleg å slå fast nøyaktig kor stor bruken er i dei ulike innfallsportane og områda. Noko kan ein lese ut i frå dei registrerte og berekna tala vi har henta inn, men som nemnt er det stor usikkerheit. Både talmaterialet vi har tilgjengeleg, og det faktum at over 50 % av verneområdet ligg i Gloppen kommune, tyder på at mesteparten av besøket skjer i Gloppen.

### 2.3.2 Brukarane sine ynskjer og behov

Eit av hovudmåla med besøksforvaltninga er å gje dei besøkande ei god oppleving. Skal vi treffe med strategiske val og tiltak må vi då naturlegvis kjenne til kva behov og ynskjer dei besøkande har. Vi har derfor fått ein del innspel frå brukarorganisasjonar som turlag og folkehøgskule. Dette er kunnskapsrike og engasjerte brukarar som har stor interesse for naturbruk og naturverdiar.

#### Tilrettelegging

Det er semje om at eksisterande infrastruktur som merka ruter, bruer og turlagshytter må haldast ved like. Tilrettelegging bør ha som mål å sikre trygg ferdsel og at folk finn fram langs dei merkte rutene.

Nokre tykkjer det nivået av tilrettelegging (hytter, merkte ruter m.v.) som er i dag er høveleg. Dei meiner at fokus bør ligge på vedlikehald av den eksisterande infrastrukturen, heller enn ny tilrettelegging. Andre ytrar derimot ynskje om fleire turlagshytter og merkte stiar.

#### Informasjon

Tilbakemeldingane vi har fått tyder på at brukarane har registrert dei informasjonstavlene som er sett opp. Dei er generelt sett nøgde med informasjonsflyten og finn den informasjonen dei treng. Reiselivsbransjen kunne derimot tenke seg meir lett tilgjengeleg informasjon om vandring i verneområdet, som dei kan dele ut til tilreisande turistar.

### 2.3.3 Sykkel

Interessa kring stisykling og anna terrengsykling har auka veldig siste åra. Stadig nye områder vert nytta til sykling og syklistane søker stadig nye utfordringar.

Det er få eigne reglar for bruk av sykkel i landskapsvernområdet. Stort sett er det friluftsløva (allemannsretten) sine reglar som gjeld. Dei seier at det er lov å sykle på vegar og opparbeida stiar, og at det i tillegg er lov å sykle i terrenget over tregrensa. I verneforskrifta og forvaltningsplanen for landskapsvernområdet står det at organisert sykling eller sykling som kan tenkast å skade naturmiljøet må søkast om. Det betyr at so lenge syklinga ikkje er organisert eller skadeleg for terrenget, so er det reglane i friluftsløva som gjeld.

Stisyklistane vil ofte bygge og bruke sine egne stiar. Dette både fordi stisykling set andre krav til utforming av stiane enn kva vandring gjer, og fordi aktivitetane ikkje skal kome i konflikt med kvarande. Det er ikkje laga egne sykkelstiar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men vi veit at enkelte av dei opparbeida vegane/stiane vert brukt av syklistar i noko grad. Registreringar i samband med masterplanen syner og at det har vore sykla med terrengsykkel utanfor stiane i verneområdet.

Gloppen kommune har fått utarbeida masterplan for stisykling. Denne planen peikar ut nokre aktuelle område for ulike typar sykkelanlegg. Den legg ikkje opp til noko anlegg inne i eller i tilknytning til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. For verneområdet vil det derfor vere uorganisert sykling på stiar og i opent fjellterreng som er aktuelt.

## 2.4 Annan relevant kunnskap

### 2.4.1 Innfallsportar

Det er mange måtar å kome seg inn i dette fjellområdet på. Stølsdalane er naturlege innfallsportar til området. Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal peikar ut sju innfallsportar som viktige:

Innfallsport	Kva som er av tilrettelegging	Bomveg?
1. Nes - Vonavatn i Naustdal	Informasjonsskilt, parkering.	Ikkje bomveg men parkeringsavgift. Kontantlaus betaling
2. Gjengedal - Storevatn i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering, toalett.	Ja, kontantlaus
3. Langedalen i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering, toalett.	Ja, kontantlaus
4. Rygg - Traudalen i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering.	Ja
5. Fitjedalen i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering.	Ja, kontantlaus
6. Årdal - Legestøylen i Jølster	Informasjonsskilt, parkering, toalett.	Ja, kontantlaus betaling
7. Ålhus - Gotdalen i Jølster		Ja

Forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal trekkjer og fram nokre andre innfallsportar som er mykje brukt av besøkande:

Innfallsport	Kva som er av tilrettelegging	Bomveg?
Angedalen i Førde	Informasjonsskilt, parkering.	Nei
Kandal - Myklandsdalen i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering, toalett.	Ja, kontantlaus betaling
Ryssdal i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering.	Nei
Jardalen i Gloppen	Informasjonsskilt, parkering.	Ja, kontantlaus betaling
Førde (Førs) i Jølster	Parkering	Nei

I tillegg til dei som er nemnde i planverka, er det nokre andre innfallsportar som vi veit vert brukt i større eller mindre grad, som til dømes Gimmestadstøylen/Breidalen.

PS: Opplistinga her er ikkje ei prioritering av innfallsportar, og heller ikkje ei fullstendig liste over alle innfallsportane.



## 2.4.2 Stiar og vegar

Det er ein del infrastruktur i og rundt landskapsvernområdet. Der går skogsvegar og skogsbilvegar inn mot grensa til verneområdet fleire stader i innfallsportane. Nokre få av vegane går og inn i verneområdet (4 vegar). Vegane er enten ikkje opne for, eller ikkje eigna for, bilkøyning.

Både forvaltninga og grunneigarar har bygd fleire parkeringsplassar i innfallsportar og startpunkt rundt landskapsvernområdet. I Jølster har kommunen tatt initiativ til å bygge fleire «toppturparkeringar» for å handtere parkeringa til dei som skal gå toppturar på ski.

Det er mange stiar i verneområdet, både merka og umerka. Stiane ligg først og fremst i innfallsportar, i støylsområda og langs nokre gamle ferdselsårer som har vore brukt i lange tider. I samband med stiane er det ein del kloppar og bruer, som bidreg til trygg og «tørrskodd» framkome.

Infrastruktur kan vere sårbar. Slitasje gjennom bruk, kombinert med vatn/nedbør, kan slite på til dømes stiar. Særleg skal ein vere observant på om bruken av ein sti aukar vesentleg, enten på grunn av tilrettelegging, marknadsføring eller andre årsaker. Auka bruk kan som sagt føre til meir slitasje og då må ein vurdere tiltak som gjer til at stien toler den auka bruken.

I Naustdal-Gjengedal har vi merka oss slitasje på stien til Ryssdalshorn, i Langedalen og langs Vonavatnet. Særleg på stien til Ryssdalshornet er det fare for at slitasje, kombinert med nedbør, vil vaske vekk jordsmonnet og gjere det vanskelegare å ta seg fram i eit allereie bratt og utfordrande parti.

Det ligg ei DNT-hytte i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Longevasshytta ligg heilt aust i Naustdal kommune og er ei sjølvbetjent hytte tilhøyrande Indre Sunnfjord Turlag med over 10 sengeplassar. Den ligg 2-3 timars gonge frå parkeringsplassen ved Legestølen i Årdal, og er soleis ganske lett tilgjengeleg. Hytta er nyleg utvida og har god standard.



Longevasshytta. Foto: Alf Erik Røyrvik

## 2.5 Samanstilling av kunnskapen

- I Naustdal-Gjengedal er det nokre sårbare naturverdiar som vi bør ta omsyn til i besøksforvaltninga:
  - Våtmarker er sårbare for ferdsel.
  - Villreinen treng ro i kalvingsområda sine i tida fram mot, og i, kalvingstida.
- Naustdal-Gjengedal har ein relativt enkel infrastruktur som stort sett består av parkeringsplassar, merkte stiar og ei DNT-hytte.
- Reiselivet brukar Naustdal-Gjengedal lite til kommersielle reiselivsprodukt.
- Dei som besøker og brukar verneområdet i dag, er hovudsakleg lokale eller besøkande med lokal tilknytning.
- Besøket er fordelt rundt heile verneområdet. Der er ikkje nokon innfallsport som utmerker seg spesielt, men dalføra ved Sandane og Sørstranda er mest brukt.
- Estimert tal på besøkande er 40.000 – 50.000 per år.
- Brukarane ynskjer god kvalitet på merkte og skilta ruter og anna tilrettelegging. God kvalitet på eksisterande infrastruktur er viktigare enn meir tilrettelegging.
- Turlag og friluftsbukarar er nøgde med den informasjonen som er tilgjengeleg, medan reiseliv og tilreisande turistar treng meir og lettare tilgjengeleg informasjon om moglegheitene som er i verneområdet.
- Naustdal-Gjengedal vert lite brukt til sykling.
- Toppturar på ski har blitt veldig populært siste åra. Vi aner ein aukande bruk av verneområdet til denne typen bruk, men det er vanskeleg å fange opp denne bruken i talmateriala vi har tilgang til.

## 3 Mål og strategiske grep

### 3.1 Mål med besøksforvaltning

Det overordna målet med besøksforvaltninga er å gje dei besøkande betre opplevingar og legge til rette for næringskaping lokalt, og samstundes ta vare på og fremje verneverdiane. For å oppnå dette er det peika ut meir konkrete mål for besøksstrategien:

#### 3.1.1 Mål for verneverdiane

- Den urørte naturen skal takast vare på og ikkje reduserast.
- Auke i ferdsel skal ikkje føre til meir slitasje på sårbar vegetasjon.

#### 3.1.2 Mål for reiselivet

- Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde og verdiane som er der skal gjerast meir synleg og kjent for tilreisande turistar til området.
- Fleire kommersielle aktørar skal tilby produkt innan opplevingsturisme i tilknytning til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.
- Heve opplevingsverdien til attraktive turmål eller «fyrstårn» som kan auke besøk til verneområdet og dermed danne grunnlag for auka lokal verdiskaping.
- Tal besøkande skal auke med 20 % dei neste 5 åra. Med dei tiltak og kanalisering som vert føreslegne i denne strategien vil det vere rom for ei slik auke utan at dette vil gå ut over verneverdiane.

#### 3.1.3 Mål for dei besøkande

- Dei som besøker Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde skal føle seg velkomne inn i verneområdet.
- Dei besøkande skal kunne oppleve kjensla av å opphalde seg i villmark/urørt natur.
- Dei besøkande skal verte presenterte for Naustdal-Gjengedal og kvalitetane der, og enkelt finne fram til innfallsportar og turmål.

## 3.2 Strategiske grep

For å nå måla som forvaltningsstyresmakta har sett seg i kapittel 3.1, må det gjerast nokre prioriteringar og strategiske grep innan ulike tema. Dette kan vere større og mindre tiltak innan tilrettelegging, å rette fokus på konkrete utfordringar eller føringar i sakshandsaminga.

### 3.2.1 Sårbare område

Her er ikkje mykje sårbar natur i verneområdet, men vi skal likevel ta vare på dei sårbare førekomstane som er.

Det skal ikkje leggst til rette for auka ferdsel sårbare områder og periodar:

- Kalvingsområda til villreinen i kalvingstida
- Myrer og våtmark i barmarkssesongen

Inngrepfrie område skal i utgangspunktet skånast for omfattande tilrettelegging. Fysiske tilretteleggingstiltak inne i landskapsvernområdet skal i utgangspunktet leggst til dei merkte eller etablerte rutene og til støylsområda.

### 3.2.2 Informasjon

Forvaltningsstyresmakta er ansvarleg for at det som er sett opp av informasjonsskilt i forvaltninga sin regi. Dette må haldast ved like.

Det bør lagast enkel og lett tilgjengeleg informasjon om verneområdet som vert gjort tilgjengeleg for turistar ved turistinformasjon, overnattingsverksemder og liknande.

All ny informasjon som vert produsert eller sett opp skal følgje malane for merkevara Noregs Nasjonalparker.

I sentrale villreinområde skal det vere informasjon om korleis ein bør oppføre seg for å unngå å uroe villrein.

På tavler og andre stader der det vert hengt opp informasjon, bør det vere skilt som minner om bandtvang.

### 3.2.3 Turmål sommar

Forvaltninga vil legge til rette for auka ferdsel til tre prioriterte og populære turmål (fyrtårn). Her skal det leggst til rette for gode opplevingar for dei besøkande. Desse tre er valt fordi dei allereie er populære turmål, fordi reiselivet meiner at desse har potensiale og fordi auka ferdsel her ikkje vil true verneverdiar eller sårbar natur. På nokre av turmåla vil det vere behov for nokre tilretteleggingstiltak.

### **Ryssdalshorn**

Ryssdalshornet er ein av dei mest besøkte fjelltoppane i verneområdet. Fjellet er eit blikkfang ved Sandane og det er veldig flott utsikt frå toppen. Her er det god parkering ved starten på ruta, god skilting og ruta er merka. Her har vore gjort enkelte tiltak på stien; sikringstiltak i Geitabykset og bygging av steintrapper i ura nedanfor Geitabykset. Sjølve toppen ligg innanfor verneområde, men det meste av stien opp ligg utanfor.

Her er behov for å gjere ganske omfattande utbetring av stien opp sjølve Geitabykset, då det allereie ved dagens ferdsel er stor slitasje på stien her. I tillegg bør stien merkast litt betre.

Utbetringa skal gjere stien både betre og tryggare å bruke i Geitabykset. Det er likevel eit veldig bratt og utfordrande parti, so stien vil framleis vere krevjande etter utbetringa. Ein må vere klar over at gjennom å gjere utbetringar opnar ein opp for nye brukargrupper og ein møter ei anna forventning til trygg ferdsel. Her må det gjerast gode risikovurderingar og ein må vurdere tiltak og informasjon slik at stien er so trygg som råd og slik at brukarane forstår utfordringar og risiko.

### **Byrkjeneset**

Byrkjeneset ved Storevatnet er eit idyllisk, vakkert og lett tilgjengeleg turmål. Der er stor parkeringsplass og toalett ved starten på stien. Langs stien er det lagt kloppar og gjort andre tiltak om lag halvvegs inn til Byrkjeneset. Det går merka sti vidare innover mot Måsevassdalen og Longevasshytta. Turen til Byrkjeneset kan og nåast med båt/kano/kajak.

På sjølve Byrkjeneset er det ein privat opparbeida «villmarksleir» som har vore nytta til reiselivsverksemd. Han som opparbeida leiren skal ikkje bruke den meir til kommersiell verksemd og er positiv til at den vert nytta av ålmenta og til at det vert lagt til rette for allmenn bruk der.

Terrenget langs vatnet der stien til Byrkjeneset går er myrlendt. For at det skal verte ei betre oppleving og gå inn til Byrkjeneset, og for at det skal vere betre tilrettelagt for barnefamiliar, bør det leggest kloppar i dei våtaste partia heilt inn til Byrkjeneset.

### **Longevasshytta**

Longevasshytta tilhøyrrer Indre Sunnfjord Turlag, og er den einaste DNT-hytta i landskapsvernområdet. Hytta ligg lettast tilgjengeleg frå Årdalen i Jølster, og er 2-3 timars gange frå parkeringsplassen ved Legestølen. Det går og merka ruter frå fleire andre innfallsportar (Vona, Gjengedal, Langedalen og Myklandsdalen) og Longevasshytta er soleis eit knutepunkt i Naustdal-Gjengedal. Ruta frå Årdal er bra skilta og merka, og det er gjort ein del tilretteleggingstiltak langs stien i form av fysisk utbetring av stitraseen.

#### **3.2.4 Toppturmål vinter**

Forvaltninga skal legge til rette for utvikling av turmål for toppturar på ski. Verneområdestyret trekkjer fram fire slike turmål som skal prioriterast i første omgang. Desse skal ha skilta parkeringsplass ved startpunkt og farbare trasèar.

- Sandfjellet
- Morafta
- Svartekari
- Syskardnipa.

### 3.2.5 Infrastruktur

Det vert ikkje lagt opp til å merke nye ruter i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det skal satsast på god kvalitet på det som allereie finnast av merkte ruter, framfor å merke fleire.

Dagens infrastruktur i og rundt landskapsvernområdet skal haldast ved like. Det kan og vere aktuelt å gjere utbetringar på den eksisterande infrastrukturen.

### 3.2.6 Sykkel

Det skal ikkje gjerast særskilde tiltak for å legge til rette for sykling i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Bygging av sykkelstiar bør heller skje utanfor verneområdet. Uorganisert bruk av sykkel er tillate innanfor rammene i friluftsløva og verneforskrifta.

### 3.2.7 Kontantlaus betaling

Der er fleire bomvegar, parkeringsplassar og løysingar for kjøp av fiskekort i innfallsportane til landskapsvernområdet. Det er private aktørar, grunneigarar, grunneigarlag eller liknande som eig desse vegane og fiskerettane, og som tek inn betaling. Dei aller fleste av desse baserer seg på kontant betaling.

Det vert meir og meir vanleg med kontantlaus betaling. Enten med SMS eller med løysingar som Vipps eller tilsvarande. Det er ei meir brukarvenleg løysing no som kontantar vert mindre og mindre brukt, og det er dessutan fleire fordelar for «selgar» med desse løysingane. Det er derfor eit mål å få tilbod om kontantlaus betaling på so mange som mogeleg av vegane, parkeringsplassane og fiskekortutsala.

### 3.2.8 Kontakt med aktuelle aktørar

#### **Reiseliv**

Forvaltningsstyresmakta skal ha jamleg kontakt med reiselivsaktørar og destinasjonsselskap. Gjennom tett dialog og samarbeid kan forvaltninga førebu seg på utvikling og trendar i turismen. Og reiselivet kan få informasjon om korleis dei kan utvikle berekraftige opplevingar og produkt knytt til verneområda.

#### **Grunneigarar og hytteeigarar**

Det sit fem grunneigarrepresentantar i Rådgjevande utval for verneområdet, og den formaliserte kontakten går gjennom dette utvalet. I tillegg vil det sjølvstøtt vere kontakt med den enkelte grunneigar, hytteeigar eller grunneigarlag i samband med enkeltsaker og tiltak.

#### **Bruker- og interesseorganisasjonar**

Indre Sunnfjord Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Nordfjord Folkehøgskule har alle plass i Rådgjevande utval.

Førdefjella villreinutval og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har ein felles representant i Rådgjevande utval. Forvaltningsstyresmakta skal dessutan ha jamleg kontakt med både utval og nemnd.



## 4 Tiltaksplan

Tiltaksplanen i dette kapitlet er tiltak som er knytt til besøksforvaltning og som kjem som ei følgje av dei målsetningar og prioriteringar som er skildra i kapittel 3. Forvaltninga har og ein «større» tiltaksplan, ein komplett plan som inkluderer alle tema (skjøtsel, tilrettelegging for næringsverksemd osv.). Tiltaka her er ein del av den større planen, dette er dei som er retta mot besøksforvaltning.

Denne tiltaksplanen vel vere med å danne grunnlag for dei årlege bestillingane av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet.

Nokre av tiltaka er konkrete, fysiske tiltak som skal gjerast ute i verneområdet og randsona. Andre tiltak er meir administrative arbeidsoppgåver. Begge deler er viktige for å oppnå dei målsetningane som verneområdestyret har definert.

### **Generelt:**

- Merkte stiar i og rundt verneområdet skal vere merkt og skilta etter ein felles standard. Merkinga bør vere av god kvalitet slik at det er lett å finne fram langs dei merka rutene. Gamle skilt bør skiftast ut.
- Behov for vedlikehald av fysisk infrastruktur vil dukke opp. Det er viktig at vedlikehald vert fulgt opp slik at infrastrukturen er av god kvalitet med tanke på bruk, tryggleik og estetikk.



Prioritet	Tiltak	Skildring	Gjennomføring
1	Sti til Ryssdalshornet	Bygge trapper i Geitabykset, for å sikre trygg passasje i det bratte partiet og unngå erosjon på jordsmonnet i stitraseen. Vurdere skilt som gjer merksam på eventuell risiko ved bruk.	2017 - 2018
2	Sti til Stegsvatnet	Utbetre stien frå Legestølen til Longevasshytta, på strekninga som går langs indre del av Stegsvatnet. Gjere tiltak for å gjere ferdsel langs denne stien tryggare. (Nesten ferdig utført i 2017)	2017
3	Sti til Byrkjeneset	Legge kloppar langs stien frå Gjengedalsstøylen til Byrkjeneset. Meir «tørrskodd» ferdsel her vil gje dei besøkande ei betre turoppleving og opne opp for meir bruk av dette området. Legge til rette for allmenn bruk av villmarksleiren på i Byrkjeneset.	2018-2019
4	Informasjons- / historietavle Byrkjeneset	Informasjonstavle på Byrkjeneset. Fortelje om historia og mytene kring øydegarden på Byrkjeneset. I tillegg til generell informasjon om verneområdet.	2019
5	Sti til Arnestadstøylen	Utbetre stien til Arnestadstøylen i tråd med tiltaksplanen som Arnestad grunneigarlag har laga.	2017-2018
6	Kontantlaus betaling	Påverke vegeigarar til å få på plass konantlaus betaling av bompengar på dei vegane som ikkje allereie har kontantlaus betaling. (sjå tabell i kap 2.4.1)	Jamleg
7	Møter med reiselivet	Uformelle møter med destinasjonsselskapa Visit Nordfjord og Sunnfjord Utvikling kvart år.	Årleg